

IVAR

Eg trur faktisk på IVAR når dei seier at dei ikkje kjem med restriksjonar på gardsbruka i nedbørsfeltet. Det blir nok ikkje nødvendig med det renseanlegget dei har no.

Men eit direktiv frå EU kan godt koma. Dei som sender ut direktiv om bøyen på agurkar, kan godt finna på at der ikkje må vera gardsdrift i nærheten av drikkevasskjelder.

Så, om IVAR no får konsesjon, må det vera på plass i konsesjonsvilkåra at IVAR er ansvarleg for utgifter og inntektstap som eit direktiv kan påføra gardsbruka. Og det må vera tydeleg skrive av NVE, slik at ikkje bøndene eller kommunen vert sitjande med Svarteper.

Gunnhild Vassbø.